

Kim André Hope
Skodvinsvegen 143
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5855 - 21/46687

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
28.06.2021

Adresseendring Skodvinsvegen 141, 143

Administrativt vedtak: Saknr: 747/21

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
96/8	H0101 (hovudb.)	Skodvinsvegen 143	Skodvinsvegen 143A
96/8(16)	H0101 (utleigeb.)	Skodvinsvegen 141	Skodvinsvegen 143B

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

I samband med godkjent ombygging frå vertikaldelt 2-mannsbustad til einebustad med utleigeeining, er det ynskjeleg med adresseendring. Begge bueiningane skal framleis ha unike offisiell adresser.

Vurdering

Adresseendringa er førehandsvarsla i e-post dat 16.06.21 med tilbakemelding frå deg (Kim) same dag. De hadde valet mellom å behalda dei to husnummera som er i dag, eller å omadressere eine husnummeret med A og B til husnummeret. Du gav tilbakemelding på at de ynskja omadressering til 143A og 143B.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling, og adresseendring vert difor utført.


Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Skodvinsvegen.

Endringa er utført i matrikkelen og adresseendringa trer i kraft straks.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

De må også gje melding om adresseendringa til vedkomande, dersom det er noko som leiger bustaden i huset no.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendtt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/5855»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kim André Hope

Skodvinsvegen 143

5956

HUNDEVIN

Mottakarar:

Lene Lykke Moen

Skodvinsvegen 143

5956

HUNDVIN